



# DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

## Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 15.11.2021

Ikornnes kyrkje kl. 20:00

**Til stades:** Magnar Vigstad, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne, Ingmund Eliassen, Bergljot Hjortdal og Anita Øvergård. Erlend Lunde melde forfall.

**Sak 48/21 Godkjenning / gjennomgang av referat frå forrige møte**

Godkjent.

**Sak 49/21 Plan uteareal / ny vei**

Anita hadde med teikningar frå Nordplan. Kan vi gjere noko med parkeringsplassen / skråbed for å få plass til fleire bilar rett nedom kyrkja?

**Sak 50/21 Flislegging / skifer utanfor kyrkja**

Magnar har gjort det som kan gjerast i denne omgang – har levert inn timeliste på dugnaden (60 t) til kyrkja for godskriving tilbake til Ikornnes Kyrkje. Står att litt til våren.

**Sak 51/21 Fellesmøte 2. november**

Vi hadde eit givande og interessant møte saman med Sykkylven Sokneråd. Torbjørn Støylen har laga eit godt samandrag frå dette møtet. Resultat på kort sikt: Prioriteringsmøte med stab og tre representantar frå sokneråda for å finne ut kva som kan kuttast ned på framover. Monica og Bjørg frå Sykkylven Sokneråd ville ta på seg oppgåva med å ferdigstille trusopplæringsplanen som skal sendast inn for godkjenning.

**Sak 52/21 Prioriteringsmøte for vegen fram mot sommaren 2022 / begge kyrkjene**

Rose, Arild, Erlend, Astrid, Therese, Bergljot. Kristin Lohne melde forfall.

Vedtak: Redusere antal gudstenester første halvår: 2 på Aure / 1 på Ikornnes. Ikkje dobbelt som tidligare... Redusere antal søndagar med dåp. Må bestemme seg for kva som er dei viktigaste oppgåvene å oppretthalde... Passe på at det ikkje blir for stort arbeidspress på dei som er att i staben no. Engasjere personar (for honorar) til leiaroppgåver i konfirmantarbeidet samt fredagsklubben.

Får håpe at det ordner seg både med trusopplærings-koordinator og ny prest. (Det er i alt 11 ledige pretestillingar i Sunnmøre prosti no, så ikkje noko enkel oppgåve dette...)



# DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

## **Sak 53/21      Kirkelig organisering etter Prostifellesråds-modellen. Høyringsfrist 1. des. 2021**

Ellen og May Lisbeth har jobba ein god del med dette og har kome fram til eit forslag frå våre to sokneråd. Blir sendt inn innan fristen. Tusen takk til begge to for godt arbeid 😊

## **Sak 54/21      Seniormiddag 2021**

Dette vart ein veldig trivelig søndag. Ca 85 personar møtte og hadde ei koselig stund i kyrkjekjellaren. Vi må huske til neste år: glutenfritt alternativ til middag også...

## **Sak 55/21      Avskjedsgudsteneste Erlend**

Ny dato er 6. mars 2022 i samband med kyrkjedagane. Eller? Avventer litt med å bestemme dette. Anita har i alle fall kontroll på avskjedgåva.

## **Sak 56/21      Val av leiar 2022**

Magnar Vigstad tok gjenval, og det gjer alle andre også – vi har eit velfungerande team 😊

## **Sak 57/21      Offergåver Ikornnes Kyrkje**

Vi har fått inn søknader frå mange hald og mange gode saker, men vi held fram med å sende til dei vi allereie har godkjent ut frå tema i Gudstenestene, presten bestemmer rekkefølga. Ref sak 11/20.

NB: Misjonsprosjektet til Ikornnes Sokn; Trygve Ebbesvik står fortsatt som kontaktperson.

## **Sak 58/21      Juletreffest 5. juledag, kyrkjekjellaren kl 15**

Ikornnes Sokneråd arrangerer, så slepp Rose / presten å styre med dette. Vi kontakter Jippikoret og høyrer om dei vil stille (Ellen spør Natalie/Rose), Margrete V Ø vil komme og lese ei julefortelling, Ellen trakterer pianoet, Bergljot kan vere progamleiar om ikkje Erlend kan (Magnar sjekkar m E). Juletre – Per Blakstad leverer, vi må pynte. Det blir julesongar, mat på fat og litt smågodt (Bergljot sjekker vedr pillerøskjer).

Annonse i Nyss – Kyrkja betaler denne, vi må huske på å bestille...

Anita melder inn til Kulturkalenderen.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

**Sak 59/21      Kyrkjedagane 2022; 4. – 6. mars**

Vi må starte å tenke på gevinster til bøkene – ha dette klart til møtet i desember.  
Vi deler på dette – sender huskeliste til medlemmane i egen mail. Også begynne å  
tenke på programmet. Hundeidvik Blandakor til gudstenesta på søndag?

**Neste møte: 8. desember kl. 20.00, Ikornnes Kyrkje**

Anita Øvergård

skrivar